



Notat

Dato: 12.10.2015
Arkivsak: 2014/558-159
Saksbehandlar: ingtakl

Til: Samferdselsavdelinga

Frå: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Uttale til regional areal- og transportplan for Bergensområdet - frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Sentra, transport, bustadsområder, næringsbygg, natur og kultur må ha som mål å vere tilgjengelege for alle slik at samfunnsskapte barrierar nedbyggast og deltaking ikkje vert avgrensa.

På s. 54, punkt 22, forslår rådet å endre ordet «bør» til «skal» slik at setninga vert: «Kommunal planlegging for bustadbygging skal i særleg grad leggje til rette for medverknad frå eldre, unge, personar med nedsett funksjonsevne og utbyggjarar.»

Rådet føreslår å fjerne punkt 25, s. 54. Det er viktigast for rådet er universell utforming, ikkje at bustadane er plassert ved busstraseen.

Til sist etterspør rådet ein plan for når busstraseene, og materiell i samband med dei, er universelt utforma.

Med venleg helsing,

Anita Garlid Johannessen
leiar